



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Prop. 77 L

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i aksjelova mv.

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 25. mars 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen legg Justisdepartementet fram forslag om endringar i lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper § 16-16 første ledd og § 16-17 første ledd.

Aksjelova § 16-16 omhandlar sakshandsaminga i saker om tvangsoppløysing etter orskurd frå tingretten, jf. aksjelova § 16-15 (nr. 1 til 5). Endringsforslaget gjeld Brønnøysundregistra si plikt til å sende varsel til eit selskap som står i fare for å bli løyst opp. Justisdepartementet foreslår òg ei presisering av kva som er avgjerande for at tingretten skal ha kompetanse til å handsame ei sak om oppløysing, jf. aksjelova § 16-17. Proposisjonen omhandlar ikkje reglane om oppløysing av aksjeselskap etter vedtak av generalforsamlinga eller ved dom etter krav frå ein aksjeeigar.

Justisdepartementet foreslår også endringar i dei liknande føresegnene til aksjelova §§ 16-16 og 16-17 i lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper §§ 16-16 og 16-17, lov 6. juni 2003 nr. 38 om bustadbyggjelag §§ 10-15 og 10-16 og lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak §§ 142 og 143.

Justisdepartementet foreslår dessutan retting av nokre inkuriar. Dette gjeld aksjelova § 1-5, § 5-19, overskrifta til kapittel 11, § 13-6 og § 13-18, allmennaksjelova § 1-5, § 5-19 og § 8-10 og lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav § 5 femte ledd andre punktum.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

Bakgrunnen for lovforslaget er ein orskurd frå Høgsteretts ankeutval 30. mars 2009 (Rt. 2009 side 414). Hovudspørsmålet i saka var tolkinga av kravet om å "gi selskapet varsel" i aksjelova § 16-16. Ankeutvalet kom her til at Føretaksregisteret si plikt til å gi selskapet varsel etter aksjelova § 16-16 første ledd inneber at varselet må vere *kome fram* til selskapet.

Justisdepartementet sendte ut eit høyringsnotat 26. april 2010 om endringar i aksjelova §§ 16-16 og 16-17 og liknande føresegner i allmennaksjelova, bustadbyggjelaglova og samvirkelova. I høyringsnotatet blei det foreslått at det skal vere tilstrekkeleg at varsel er sendt frå Føretaksregisteret eller i tilfelle Rekneskapsregisteret. Det blei òg foreslått å presisere at det avgjerande for tingretten sin kompetanse til å handsame ei sak om tvangsoppløysing er at det har skjedd ei kunngjering, og at selskapet ikkje har retta forholdet innan fristen. I høyringsnotatet blei det også foreslått endringar av enkelte inkuriar i aksjelova og allmennaksjelova. Høyringsnotatet hadde frist 1. august 2010 og blei sendt til følgjande høyringsinstansar:

Alle departementa

Brønnøysundregistra
Domstoladministrasjonen
Finanstilsynet

Folketrygdfondet
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Konkurransetilsynet
Noregs Bank
Oslo byfogdembete
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Riksrevisjonen
Statistisk sentralbyrå
Stortingets ombodsmann for forvaltninga
Verdipapirsentralen
ØKOKRIM

Akademikerne
AksjeNorge
Aksjonærforeningen i Norge
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Bedriftsforbundet
Den Norske Advokatforening
Den norske Revisorforening
Det norske Veritas
Eiendomsmeglerforetakenes Forening
Finansforbundet
Finansieringsselskapenes Forening
Finansnæringens Fellesorganisasjon
HSH - Handels- og Servicenæringens
Hovedorganisasjon
Handelshøyskolen BI
KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)
Landsorganisasjonen i Norge
Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
Norges Fondsmeglerforbund
Norges Handelshøyskole
Norges Juristforbund
Norges Kreditorforbund
Norges Rederiforbund
Norsk Investorforum
Norsk senter for menneskerettigheter
Norske Finansanalytikerens Forening
Norske Forsikringsmeglerens Forening
Norske Inkassobyråers Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon
Oslo Børs ASA
Siviløkonomene
Skatterevisorenes Forening
Verdipapirfondenes Forening
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo
Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø

Følgjande høyringsinstansar har hatt realitetsmerknadar til endringsframlegget:
Finansdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Brønnøysundregistra
Finansnæringens Fellesorganisasjon
Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon
Norges Rederiforbund

Følgjande høyringsinstansar har uttalt at dei ikkje har merknadar til høyringsnotatet:
Arbeidsdepartementet
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Fiskeri- og kystdepartementet
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
Forsvarsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Samferdselsdepartementet
Utanriksdepartementet
Domstoladministrasjonen
Finanstilsynet
Noregs Bank
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Eiendomsmeglerforetakenes Forening
Landsorganisasjonen i Norge
Statistisk sentralbyrå

3 Gjeldande rett

3.1 Tvangsoppløysing av aksjeselskap etter §§ 16-15 flg.

Aksjelova kapittel 16 gir reglar om oppløysing av aksjeselskap. Etter §§ 16-15 flg. kan oppløysing av aksjeselskap skje etter orskurd frå tingretten. § 16-15 stiller opp vilkåra for slik oppløysing. § 16-16 gir reglar om sakshandsaminga. Lova legg her opp til at selskapet skal få to varsel om tvangsoppløysing frå Føretaksregisteret, eventuelt av Rekneskapsregisteret. Det første varselet skal rettast direkte til selskapet, jf. § 16-16 første ledd. I dette varselet får selskapet frist på ein månad til å rette opp i forholdet. § 16-16 andre ledd regulerer kva som skjer dersom selskapet ikkje rettar forholdet innan fristen i første ledd: Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret skal i så fall gjenta varselet ved kunngjering i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon og i kortform i ei avis som er alminneleg lese på for-

retningsstaden for selskapet. Selskapet får ein frist på fire veker rekna frå den elektroniske kunngjeringa til å rette opp i forholdet. Det skal gå fram av kunngjeringa at vilkåra for å oppløyse selskapet er oppfylte, og kva som er konsekvensane av å overskride fristen.

Aksjelova § 16-17 gir reglar om handsaminga av oppløysingssaka i tingretten. Dersom selskapet ikkje har retta opp forholdet innan fristen i § 16-16 andre ledd, skal Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret varsle tingretten om dette, og tingretten skal ved orskurd og utan ytterlegare varsel til selskapet treffe avgjerd om oppløysing av selskapet. Tingretten skal ikkje prøve om oppløysingsgrunnane ligg føre. Orskurden har verknad som konkursopning, og etter § 16-18 skal selskapet etter dette avviklast i samsvar med konkurslova og dekningslova. Dersom oppløysingsgrunnen ikkje lenger er til stades, kan boet bli levert tilbake til selskapet etter konkurslova § 136.

3.2 Nærare om varslingsplikta

Den noverande regelen om varsel i § 16-16 kom inn i lova i samband med vedtakinga av aksjelova 1997. Aksjelova 1976 § 13-4 hadde eit krav om at skifteretten skulle varsle selskapet, men skifteretten kunne bestemme at varsel i staden skulle skje ved kunngjering etter § 13-8.

I høyringsrunden ved førebuinga av aksjelovene 1997 blei det hevda at ordninga med at skifterettane skal varsle selskapa, var tids- og arbeidskrevjande, og at ein burde finne ei anna arbeidsfordeling mellom Brønnøysundregistra og skifterettane, jf. Ot.prp. nr. 36 (1993-94) punkt 1.3 s. 141. Brønnøysundregistra viste til behovet for enkle og praktikable reglar. Dette synet følgde departementet opp. Dessutan uttalte departementet:

”Selv om reglene også må ivareta rettssikkerhetshensyn, er departementet kommet til at det bør foretas en del justeringer av dagens regler med sikte på å gjøre dem enklere.”

Etter dette foreslo departementet for det første at Brønnøysundregistra – og ikkje skifteretten – skulle varsle selskapet. For det andre la departementet opp til eit system med varslings i to omgongar der det skulle gis eit varsel direkte til selskapet, og deretter, om nødvendig, ei kunngjering, op.cit. s. 141-142:

”Det er også nytt i forslaget at varselet skal skje ved direkte henvendelse til selskapet. Etter gjeldende lov kan skifteretten i stedet velge å la

varselet skje ved kunngjøring i Norsk lysingsblad m.v. Denne endringen har sammenheng med at departementet foreslår innført et toleddet system: Først sendes varsel direkte til selskapet, og deretter gjentas varselet om nødvendig i form av offentligkunngjøring, jf. nedenfor. Fordelen med en slik toleddet ordning er blant annet at selskapet i første omgang får mulighet til å ordne opp i sine forsømmelser uten at det skapes unødige publisitet omkring forholdet.

I varselet får selskapet en frist til å bringe forholdet i orden, og opplysning om følgene av at fristen oversittes. Tatt i betraktning viktigheten av de avgjørelser det er tale om å treffe, bør ikke fristen være for kort. Departementet mener at den passende kan settes til en måned.

Dersom selskapet ikke bringer forholdet i orden i løpet av fristen, gjentar Brønnøysundregistrene varselet i form av en offentlig kunngjøring i Norsk lysingsblad og en alminnelig lest avis på selskapets forretningssted. Kunngjøringen må i tilfelle, som det første varselet, inneholde opplysning om at vilkårene for tvangsoppløsning foreligger, samtidig som selskapet gis en ny frist til å bringe forholdet i orden. Denne fristen bør etter departementets syn være noe kortere enn den første fristen. Departementet foreslår en frist på to uker. I tillegg må kunngjøringen inneholde opplysning om følgene av at fristen oversittes (...).

Dersom selskapet heller ikke ved utløpet av denne fristen har brakt forholdet i orden, oversender Brønnøysundregistrene saken til skifteretten, som avsier kjennelse om oppløsning dersom vilkårene er til stede. I samsvar med Oslo skifteretts forslag, går departementet inn for at det på dette stadium ikke skal være nødvendig med ytterligere varsler, innkallinger til rettsmøte m.v. Selskapet har tidligere mottatt to varsler, og har hatt relativt god tid til å rette på forholdet. Behovet for å gi selskapet enda en mulighet til å unngå oppløsning, synes derfor å være lite. Som en følge av departementets forslag om at vilkårene for oppløsning skal kunne bedømmes ut fra de meldinger selskapet har gitt til Brønnøysundregistrene, er det heller ikke noe stort behov for å innkalle til rettsmøte i forbindelse med avsikten av oppløsningskjennelsen. Behandlingen ved skifterettene vil på denne måten kunne foregå meget summarisk, noe som etter departementets syn er en fordel.”

Aksjelova § 16-16 første ledd krev som nemnt at Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret

skal ”gi selskapet varsel”. Det nærare innhaldet i dette kravet tek ikkje lova eller forarbeida direkte stilling til.

I ein orskurd 30. mars 2009 (Rt. 2009 side 414) tok Høgsteretts ankeutval stilling til spørsmålet om det er eit vilkår for tvangsoppløysing at varsel etter § 16-16 første ledd er kome fram til adressaten, eller om det er tilstrekkeleg at varselet er sendt til rett adresse. Selskapet i saka hevda at det ikkje hadde motteke varselet. Selskapet nekta ikkje for at varselet var kunngjort etter § 16-16 andre ledd, men hevda at det ikkje hadde oppdaga kunngjeringsreglane. Lagmannsretten hadde – med særleg tilvising til forarbeida og føremålet med endringa av varslingsreglane – kome til at varslingsplikta var oppfylt.

Høgsteretts ankeutval tok utgangspunkt i at ordlyden i § 16-16 første ledd ikkje løyser spørsmålet, og at det heller ikkje er sagt noko uttrykkeleg i lovforarbeida. Ankeutvalet var einig i at føremålet med lovendringa støtta opp om det resultatet lagmannsretten var kome til, men kom likevel til ein annan konklusjon enn lagmannsretten. I premiss 16-18 i orskurden uttaler ankeutvalet:

”(16) (...) De aktuelle hensyn kan imidlertid ikke trekkes for langt. Forenklingen lå først og fremst i at varslingen skulle håndteres av Foretaksregisteret, som ville ha bedre muligheter enn skifterettene til en automatisering av varslene.

(17) Innføringen av en toleddet prosess hadde dessuten en side til rettssikkerhetsgarantier, og det er i proposisjonen side 141 fremhevet at fristen som gis ved det første varselet, ikke bør være for kort da det er tale om viktige avgjørelser. I praksis vil det være mange selskaper som ikke følger med på kunngjøringer. Det er videre ikke helt uvanlig at årsaken til at et varsel ikke er mottatt av adressaten, skyldes feil som adressaten ikke kan klandres for, som feil begått av postverket. Den fremste rettssikkerhetsgarantien vil derfor ligge i et krav om at selskapet har mottatt varselet.

(18) Utvalget har funnet tolkningen av § 16-16 tvilsom, men mener at rettssikkerhetshensyn bør tillegges avgjørende vekt. § 16-16 må etter dette forstås slik at varselet må være kommet frem til adressaten. Lagmannsretten har lagt til grunn feil lovforståelse, og lagmannsrettens kjennelse må oppheves.”

Det må etter dette leggjast til grunn at det etter gjeldande rett er eit krav at varselet frå Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret er kome

fram til selskapet. Det vil ikkje vere nok at Brønnøysundregistra kan godtgjere at varsel etter § 16-16 første ledd er sendt, og at det deretter er kunngjort etter § 16-16 andre ledd.

4 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet foreslo departementet ei endring av aksjelova § 16-16 første ledd, som gjekk ut på å presisere at Brønnøysundregistra skal ”sende selskapet varsel”, for å gjere det klart at det ikkje skal vere eit krav at varselet må vere kome fram til selskapet.

Departementet foreslo samstundes ei presisering av aksjelova § 16-17 første ledd, som innebar at det skulle gå klart fram av føresegna at det avgjerande for tingretten sin kompetanse til å løyse selskapet opp er at varselet er kunngjort etter § 16-16 andre ledd, og at selskapet ikkje har retta forholdet innan fristen som er sett i kunngjeringsreglane.

Vidare bad departementet om høyringsinstansane sitt syn på om det av omsyn til selskapet bør vere eit krav etter § 16-16 første ledd at Brønnøysundregistra skal sende to varsel til selskapet, eventuelt eit varsel til selskapet med gjenpart til styreleiaren eller ein annan i selskapet.

I høyringsnotatet presiserte departementet at ei avgjerd om å løyse opp og avvikle eit selskap er inngripande, og at eit system der tingretten treffer avgjerd om oppløysing utan ytterlegare prøving av grunnlaget for oppløysinga, gjer varslings- og kunngjeringsreglane viktige.

Departementet gjorde reie for at eit krav etter aksjelova § 16-16 første ledd om at varselet om tvangsoppløysing må vere kome fram til selskapet, reiser praktiske problem (høyringsnotatet punkt 3 side 6):

”For å kunne godtgjere at varselet er kome fram har Brønnøysundregistra i praksis ikkje anna moglegheit enn å sende varsel som rekommandert brev. Ifølgje Brønnøysundregistra sender registra ut i underkant av 15 000 varsel etter § 16-16 første ledd årleg. Det vil vere både kostbart og tidkrevjande å varsle ved rekommandert post. Ifølgje Brønnøysundregistra må også handsaminga av rekommanderte sendingar i stor grad skje manuelt. Det er dessutan lite i samsvar med utviklinga mot eit moderne (delvis automatisert) registreringsystem å krevje varsel ved rekommandert brev. Justisdepartementet viser her til arbeidet over fleire år med sikte på auka elektronisk

kommunikasjon mellom registra og brukarane, elektroniske oppslag mot ulike register, abonnementsordningar m.m.”

Departementet peikte på at ein ved rekommandert brev ikkje vil nå selskap som ikkje er registrert med riktig adresse, og at selskap som forsøker å trenere oppløysingsprosessen, kan velje å la vere å hente ut rekommanderte brev.

I høyringsnotatet blei det òg vist til at ei løysing der ein må kunne godtgjere at varselet er kome fram til selskapet for at prosessen skal kunne gå vidare, ikkje harmonerer godt med kunngjeringssystemet, jf. § 16-16 andre ledd (høyringsnotatet punkt 3 side 7):

”Dersom Brønnøysundregistra kan godtgjere at varselet er kome fram til selskapet, vil ikkje kunngjeringa ha noko praktisk å seie for selskapet. Selskapet vil jo da allereie vere kjent med at prosessen med oppløysing er i gang. Ei kunngjering vil dermed berre ha noko å seie for utanforståande. Men dette har nok ikkje vore føremålet med kunngjeringsordninga. Kravet om kunngjering synest å vere innretta mot at det er selskapet som skal varslast. I samband med dette kan det visast til at også etter kunngjeringa etter § 16-16 andre ledd får ein ei frist på å rette forholdet som er grunnlaget for saka om tvangsoppløysing.”

Vidare blei det nemnt at kunngjeringa kan vere einaste moglegheit til å nå selskapet dersom selskapet ikkje har registrert rett adresse.

I samband med Høgsteretts ankeutval si orskurd og oppfatninga om at mange selskap i praksis ikkje følgjer med på kunngjeringar, blei det i høyringsnotatet vist til følgjande:

”Kunngjeringssystemet er modernisert dei siste åra. Det er enkelt å slå opp i registra, anten ved å søkje på organisasjonsnummer eller namn. Ettersom ei kunngjering etter § 16-16 andre ledd skal gi ein frist på fire veker før saka blir sendt til tingretten, ligg det vel til rette for at selskapet kan gjere seg kjent med dei kunngjeringane som gjeld selskapet sjølv, og rette opp dei forholda kunngjeringa gjeld. Brønnøysundregistra tilbyr òg abonnementsordningar. Den som abonnerer på nyheiter om bestemte føretak, vil få varsel frå registra kvar gong det er kunngjort noko om det føretaket. Eit føretak kan òg abonnere på nyheiter om seg sjølv. Per i dag er kostnaden ved eit årsabonnement 150 kr i grunnbeløp, og dernest 0,50 kr

per selskap. For eit selskap som berre abonnerer på kunngjeringar om seg sjølv, er det dermed tale om ein beskjeden sum.”

Departementet peikte også på at varselet og kunngjeringa etter aksjelova § 16-16 gjeld forhold som ein må kunne vente at selskapa har kjennskap til frå før, og som normalt ligg innafor kunnskaps- og kontrollsfæren til selskapa.

Når det gjeld forslaget om presisering av aksjelova § 16-17, foreslo departementet følgjande i høyringsnotatet:

”(…) [D]epartementet foreslår samstundes ei presisering i aksjelova § 16-17 første ledd, slik at det går klart fram av denne føresegna at det avgjerande for tingretten sin kompetanse til å oppløyse selskapet er om varselet er kunngjort etter § 16-16 andre ledd, og at selskapet ikkje har retta forholdet innan fristen som er sett i kunngjeringa. At varsel er sendt etter § 16-16 første ledd, er dermed ikkje avgjerande for tingretten sin kompetanse. Dette synest også å samsvare med ordlyden i noverande § 16-17 første ledd, men det kan vere hensiktsmessig at dette går klart fram av lova. Med ein slik regel unngår ein at ein får opp påstandar om at Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret ikkje har sendt varsel etter § 16-16 første ledd. At varsel er sendt, kan vere vanskeleg å dokumentere.”

I høyringsnotatet foreslo departementet at det skulle gjerast tilsvarende endringar i allmennaksjelova §§ 16-16 og 16-17, av di føresegnene er likelydande som i aksjelova.

Vidare foreslo departementet endringar i dei tilsvarende reglane i bustadbyggjelagslova §§ 10-15 og 10-16, og i samvirkelova §§ 142 og 143. Som grunnlag for desse forslaga viste departementet til at dei nemnte føresegnene i desse lovene bygger på føresegnene i aksjelova og allmennaksjelova, jf. Ot.prp. nr. 30 (2002-2003) side 214 og Ot.prp. nr. 21 (2006-2007) side 304-305. Departementet la til grunn i høyringsnotatet at føresegnene om varsel og kunngjering bør vere like i desse lovene, og at det ikkje er spesielle omsyn som taler for ei anna regulering enn for aksjeselskap.

Departementet foreslo dessutan å rette nokre inkuriar i aksjelova og allmennaksjelova. Det blei foreslått endringar i aksjelova § 1-5, § 5-19, overskrifta til kapittel 11, § 13-6 og § 13-18, og i allmennaksjelova § 1-5, § 5-19 og § 8-10.

5 Høyringsfråsegnene

Følgjande høyringsinstansar har uttala seg om forslaget:

Finansdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Brønnøysundregistra, Oslo byfogdembete, Arbeidsgiverforeningen Spekter, Den norske Revisorforening, Finansnæringens Fellesorganisasjon, Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening, Norges Rederiforbund og Næringslivets Hovedorganisasjon.

Følgjande høyringsinstansar støttar forslaget til endringar i aksjelova § 16-16: *Finansdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Brønnøysundregistra, Oslo byfogdembete, Finansnæringens Fellesorganisasjon, Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening og Norges Rederiforbund.*

Ingen av høyringsinstansane går imot forslaget om endringa i § 16-16 første ledd, men *Næringslivets Hovedorganisasjon* meiner at forslaget bør kombinerast med utsending av skriftleg varsel, fortrinnsvis rekommandert, ved varslings etter § 16-16 andre ledd.

Nærings- og handelsdepartementet og Brønnøysundregistra tek utgangspunkt i at endringane er naudsynte for ei effektiv handheving av selskapa si plikt til å syte for at dei formelle forholda er i samsvar med loven. *Nærings- og handelsdepartementet* uttalar:

”For Brønnøysundregistrene, som forestår varslingsen før en tvangsoppløsning, er det viktig å ha lovregler som åpner for praktisk gjennomførbare varslingsrutiner, tatt i betraktning det store antall varsler som sendes ut årlig.”

Oslo byfogdembete uttalar:

“Alternativet med omlegging av rutineene slik at Brønnøysundregistrene må sende rekommandert brev til selskapet, synes tungvint og kostbart. I tillegg vil det være problemer med å nå de selskaper bl.a. når selskapet ikke har sørget for å ha registrert korrekt adresse i Foretaksregisteret. Oslo byfogdembete slutter seg til de vurderinger [som] er gjort i høringsnotatet.”

Finansnæringens Fellesorganisasjon viser også til at ein varslingsregel med rekommandert brev ikkje vil avhjelpe dei tilfella der selskapa ikkje har registrert riktig adresse i Foretaksregisteret.

Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) meiner som nemnt at forslaget i høyringsnotatet bør kombinerast med at det også etter aksjelova § 16-16 andre ledd skal sendast ut skriftleg varsel, for-

trinnsvis rekommandert. *NHO* er einig i at dagens ordning reiser praktiske problem, men uttalar samstundes:

”Statistikken fra Brønnøysundregistrene tyder på at de 15 000 varslene reduseres vesentlig etter at første varsel er sendt ut, og at bare en brøkdel ender med oppløsning. I 2009 var det i alt 1 490 tvangsavviklinger, i følge Brønnøysundregistrene. Vi mener derfor at departementets forslag bør kombineres med utsending av (rekommandert) brev ved andre gangs varsel, eventuelt beroende på hva som er grunnlag for varselet.”

NHO meiner at ei endring av regelen om at varselet etter § 16-16 første ledd må vere kome fram til selskapet, vil svekke rettstryggleiken til selskapa, men at forslaget om rekommandert varsel etter § 16-16 andre ledd – som vil vere mindre ressurskrevjande enn slik utsending etter første ledd – kan kompensere for dette.

Brønnøysundregistra meiner at selskapa i praksis vil få tilstrekkeleg varslings før det går så langt som til tvangsoppløysing:

”[V]arsel blir sendt til selskapet også samstundes med kunngjeringa etter aksjelova § 16-16 andre stykket. Selskapet blir altså uansett alltid varslet to gonger før saka kjem opp for tingretten. Selskapet blir og underretta på nytt samstundes med sjølve oversendinga av saka til tingretten.

Det kan dessutan vere grunn til å minna om at ein må legge til grunn at selskapa i utgangspunktet kjenner til at loven stiller krav til styre, dagleg leiar, revisor og innsending av årsrekneskap. Om ein styremedlem eller revisor vil fråtre skal selskapet ha varsel om dette frå vedkomande sjølv, jf. aksjelova § 6-7 og revisorlova § 7-1. Om saka gjeld dagleg leiar vil situasjonen oftast vere at dagleg leiar sjølv har sagt opp si stilling eller at han er sagt opp av selskapet sjølv. I alle høve skal selskapet altså ha motteke mange varsel om tilhøvet før det går så langt som til tvangsoppløysing.”

Nærings- og handelsdepartementet peiker også på at selskapa i praksis får oversendt to varsel i posten, ved at Brønnøysundregistra samstundes med kunngjeringa sender nok eit varselbrev til selskapet.

Når det gjeld praksisen for bruk av Brønnøysundregistra sitt kunngjeringssystem, har *Nærings- og handelsdepartementet, Brønnøysundre-*

gistra og *Næringslivets Hovedorganisasjon* særleg uttala seg om dette.

I høyringsfråsegna frå *Nærings- og handelsdepartementet* heiter det:

”[I] lovgivningen forutsettes [det] at selskapene selv skal følge med på kunngjøringer i digitale opplysningsportaler. Et viktig sted å følge med for selskapene er den elektroniske kunngjøringsdatabasen til Brønnøysundregistrene. Her kunngjøres det selskapsrelevant informasjon som selskapene må gjøre seg kjent med.”

Brønnøysundregistra uttalar i denne samanhengen:

”I høyringsnotatet er det framheva at det kan vere tilfelle at ikkje alle selskap følgjer med på kunngjeringar. Brønnøysundregistra er samd i at det i praksis kan vere slik at selskapa ikkje gjer ein god nok jobb med omsyn til dette. Vi vil likevel syne til at det fleire stader i lovgjevinga er lagt til grunn at næringsdrivande selskap skal følgje med på denne type kunngjeringar. Her kan det til dømes visast til reglane om kreditorvarsling ved blant anna oppløysing av selskap, fusjon, fisjon og kapitalnedsetjing mv. og reglane om kunngjering av konkursar. Alle desse reglane har som føresetnad at næringsdrivande selskap skal og kan varslast gjennom kunngjering.”

Næringslivets Hovedorganisasjon er av ei anna oppfatning, og uttalar:

”Departementet ser ut til å mene at foretaket bør abonnere på nyheter om seg selv, alternativt angivelig at foretaket bør søke etter nyheter på brreg.no. Dette skal sikre at foretaket skal få kjennskap til de aktuelle varslene. Etter vår mening kan man helt klart ikke legge til grunn at norske foretak skal holde seg orientert på denne måten. Vi kan heller ikke se at dette er relevant for de foretakene høringssaken i hovedsak gjelder, nemlig de som nettopp ikke vil ha varselet.”

I høyringsnotatet stilte Justisdepartementet spørsmål om det etter aksjelova § 16-16 første ledd burde vere eit krav om at Brønnøysundregistra skal sende to varsel til selskapet, eventuelt eit varsel til selskapet med gjenpart til styreleiaren eller ein annan i selskapet. Av høyringsinstansane som har hatt merknadar til forslaget, har *Finansdepar-*

tementet, *Nærings- og handelsdepartementet*, *Brønnøysundregistra*, *Oslo byfogdembete*, *Den norske Revisorforening*, *Finansnæringens Fellesorganisasjon* og *Norges Rederiforbund* uttala seg om dette.

Norges Rederiforbund gir uttrykk for at det er fornuftig med ein regel om at det skal sendast to varsel etter aksjelova § 16-16 første ledd, og grunnir dette med at ein reduserer faren for at varselet blir borte i posten.

Oslo byfogdembete meiner at det vil ha liten hensikt å sende meir enn eit varsel til selskapet si adresse etter aksjelova § 16-16 første ledd, men at det kan vere grunn til å sende gjenpart av varselet til styreleiaren eller ein annan representant for selskapet.

Finansnæringens Fellesorganisasjon meiner at ein vil ivareta interessene til selskapa og tilsikre rettstryggleik dersom ein etter aksjelova § 16-16 også sender gjenpart av varselet til styreleiaren.

Finansdepartementet, *Nærings- og handelsdepartementet*, *Brønnøysundregistra* og *Den norske Revisorforening* meiner at det ikkje er naudsynt med krav om to varsel eller med gjenpart av varselet etter § 16-16 første ledd.

Brønnøysundregistra meiner at det bør vere tilstrekkeleg at ein sender varsel til selskapet ein gong før kunngjeringa, og viser til at Føretaksregisteret i praksis sender varsel til selskapet også samstundes med kunngjeringa etter aksjelova § 16-16 andre ledd, og at selskapet òg blir underretta på nytt samstundes med sjølve oversendinga av saka til tingretten.

Nærings- og handelsdepartementet viser også til at selskapa i praksis allereie får to varsel, og ser dermed ikkje at det er behov for å lovfeste krav om utsending av to varsel etter aksjelova § 16-16 første ledd.

Ingen av høyringsinstansane har hatt merknadar til forslaget om endring av aksjelova § 16-17. Det same gjeld for forslaget til endring i tilsvarende føresegner i allmennaksjelova, bustadbyggjelaglova og samvirkelova og for forslaget om retting av inkuriar i aksjelova og allmennaksjelova.

6 Departementets vurderingar

Departementet foreslår ei endring av aksjelova § 16-16 første ledd i samsvar med framlegget i høyringsnotatet. Forslaget går ut på at det ikkje skal vere eit krav etter føresegna at varselet må vere kome fram til selskapet, men at det er tilstrekkeleg at Brønnøysundregistra har sendt selskapet

varsel om at vilkåra for å løyse opp selskapet etter § 16-15 er oppfylt.

Ingen av *høyringsinstansane* har gått imot forslaget om endringa i § 16-16 første ledd, men *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)* har i si høyringsfråsegn foreslått at det i staden skal sendast rekommandert varsel i samband med kunngjeringsreglane etter § 16-16 andre ledd. NHO har blant anna vist til omsynet til rettstryggleiken for selskapa.

Departementet sitt utgangspunkt er at ei avgjerd om å løyse opp og avvikle eit selskap er inngripande. Ei avgjerd om oppløysing vil kunne ha stor verknad både for selskapet og for personar med interesser i selskapet. Tingretten treffer avgjerd om oppløysing utan ytterlegare prøving av grunnlaget for oppløysinga. Dette gjer varslings- og kunngjeringsreglane viktige. Ved vurderinga av den framlagte endringa har det såleis frå departementet si side vore eit klart siktemål at varslings- og kunngjeringsystemet skal vareta rettstryggleiken til selskapa.

I tilfelle av at det ligg føre ein grunn til å løyse opp selskapet etter § 16-15, er varslingsreglane lagt opp slik at selskapet skal få to varsel, begge med rommelege fristar til å bringe forholdet i orden. Første varsel skjer direkte til selskapet, med ein fire vekers frist til å rette opp forholdet, jf. § 16-16 første ledd. Andre varsel skjer ved kunngjeringsregisteret eller Rekneskapsregisteret og i ei avis som er alminneleg lese på forretningsstaden til selskapet, med frist på ein månad til å rette opp forholdet, jf. § 16-16 andre ledd.

Det er departementet si vurdering at systemet for varslings- og oppløysing på bakgrunn av forhold som nemnt i aksjelova § 16-15 i tilstrekkeleg grad vil vareta omsynet til selskapa sin rettstryggleik utan at det må stillast krav om at varselet etter § 16-16 første eller andre ledd skal vere kome fram til selskapet.

Departementet vil i denne samanhengen peike på at oppløysingsgrunnane i aksjelova § 16-15 er forhold som ligg innanfor kunnskaps- og kontrollsfæren til selskapa. Varselet og kunngjeringsreglane gjeld forhold som ein må kunne vente at selskapet har kjennskap til frå før. At selskapet ikkje har sendt inn årsrekneskap, er til dømes eit omstende selskapet er kjent med sjølv. For nokre av forholda som er omfatta av § 16-15, er det også slik at lova oppstiller krav om at selskapa skal bli varsla av vedkommande rolle innehavarar ved fråtrede. Som *Brønnøysundregistra* peikte på i si høyringsfråsegn, skal selskapa få varsel frå styremedlem ved fråtrede før tenestetida er ute, jf. aksjelova §

6-7 første ledd. Dette gjeld også for revisor sin fråtrede, jf. lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer § 7-1 tredje ledd. At det blir sendt varsel om tvangsoppløysing, er etter dette noko selskapet bør kunne sjå for seg på førehand.

Departementet viser òg til det som blei sagt i høyringsbrevet om at kunngjeringsystemet er modernisert dei siste åra. Det ligg no vel til rette for at selskapa skal kunne varslast gjennom den elektroniske kunngjeringsdatabasen, og det ligg til rette for ein føresetnad om at selskapa følger med i kunngjeringsdatabasen.

Eit krav om at varselet om tvangsoppløysing etter § 16-16 må vere kome fram til selskapet, vil i praksis innebære at Brønnøysundregistra må leggje om systemet frå varslings- ved ordinær utsending av post til varslings- ved rekommandert sending. Som det går fram av punkt 4 ovanfor, har bakgrunnen for lovforslaget i hovudsak vore at ei slik omlegging vil føre til eit meir kostbart og tidkrevjande varslingsystem for Brønnøysundregistra. I det noverande systemet hos Brønnøysundregistra blir varsel etter § 16-16 første ledd handsama automatisk i systemet, etter ei automatisk melding om avvik frå føresegna i aksjelova § 16-15. Ei omlegging til rekommandert utsending av varsel vil innebære at handsaming og kontroll av utsendingar i stor grad må skje manuelt. Ei slik løysing vil, slik departementet ser det, ikkje vere i samsvar med utviklinga mot eit automatisert registreringssystem i Brønnøysundregistra. Departementet viser til arbeidet over fleire år med sikte på å auke elektronisk kommunikasjon mellom registra og brukarane, elektroniske oppslag mot ulike register, abonnementsordningar m.m. Det er departementet si oppfatning at den framlagte endringa i § 16-16 første ledd vil leggje til rette for den mest effektive handhevinga av selskapa si plikt til å syte for at dei formelle forholda etter aksjelova § 16-15 er i samsvar med lova.

Ein regel som inneber at varsel etter § 16-16 må skje ved rekommandert brev, vil, som det blei peikt på i høyringsbrevet, føre til at det blir mogleg for useriøse selskap å trenere saker om tvangsoppløysing. Eit selskap som veit det står i fare for å bli tvangsoppløyst, kan hindre dette ved å la vere å hente ut rekommanderte brev. Ved eit krav om at varsel skal vere kome fram hos selskapet, vil oppløysingsprosessen såleis kunne stanse opp i dei sakene der det er størst behov for oppløysing av selskapet. Tvangsoppløysing etter aksjelova §§ 16-15 flg. er ein sanksjon mot pliktbrøt frå selskapet si side. Dersom slike selskap får drive vidare til tross for at det er grunnlag for å

løyse dei opp etter §§ 16-15 flg., kan det svekke til-
liten til aksjeselskapsforma.

Når det gjeld tilfelle der selskapet ikkje er
registrert med riktig adresse i Brønnøysundregis-
tra, vil det vere slik at heller ikkje ei utsending av
rekommandert brev vil nå selskapet.

Departementet foreslår òg å følge opp forsla-
get om endring av aksjelova § 16-17. Departemen-
tet finn det hensiktsmessig at det går klart fram av
lova at det ikkje er avgjerande for tingretten sin
kompetanse etter § 16-17 at varsel er sendt etter §
16-16 første ledd, men at varsel er kunngjort etter
§ 16-16 andre ledd. Det kan vere vanskeleg å
dokumentere at varsel er sendt, men med ein slik
regel unngår ein at ein får opp påstandar om at
Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret
ikkje har sendt varsel etter § 16-16 første ledd.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Orskurden frå Høgsteretts ankeutval 30. mars
2009, og kravet om at varselet må vere kome fram
til selskapet, inneber at ein må leggje om rutinane
i Brønnøysundregistra, mellom anna dersom var-
sel etter aksjelova § 16-16 første ledd må skje ved
rekommandert brev. Oppgåver som i dag er auto-
matiserte, må i staden gjennomførast manuelt der-
som denne rettstilstanden skal bli ført vidare. Ei
slik omlegging vil auke kostnadene, og dette må
ein dekkje inn ved tilskot frå staten eller ved å
auke gebyra som brukarane av Brønnøysundregis-
tra må betale. Brønnøysundregistra sender ut i
underkant av 15 000 varsel etter aksjelova § 16-16
første ledd årleg. Om registra skal sende desse
rekommandert, og dessutan ha eit system for å
kontrollere at sendingane er nådd fram, vil det ha
omfattande konsekvensar for Brønnøysundregis-
tra. Ein må òg rekne med at det må skje ei omleg-
ging av datasystema hos både Brønnøysundregis-
tra og hos tingrettane.

Forslaget om lovendring i denne proposisjo-
nen inneber at Brønnøysundregistra kan halde
fram med dei automatiserte rutinane som ein har
brukt til no. Ein vil dermed unngå dei utgiftene
orskurden frå Høgsteretts ankeutval elles vil føre
til. Ei lovendring som framlagt her vil dermed
spare utgifter for staten og næringslivet, og vil
såleis ha positive konsekvensar både økonomisk
og administrativt.

8 Merknader til dei enkelte føresegna

8.1 Merknader til endringane i aksjelova

Til § 1-5

Departementet foreslår at tilvisingane til § 1-3
andre ledd i *første ledd nr. 5* og *andre ledd nr. 3* blir
endra slik at tilvisingane gjeld heile § 1-3. Det vil
då gå fram av legaldefinisjonen i § 1-5 første og
andre ledd at dotterselskap også er å rekne som
nærstående eller personleg nærstående. Endrin-
gane er i samsvar med utforminga av føresegnene
i Ot.prp. nr. 36 (1993-94) og NOU 1996: 3. At lova
blei vedteke slik at § 1-5 berre viser til § 1-3 andre
ledd (jf. lovforslaget i Ot.prp. nr. 23 (1996-1997)),
er truleg følgje av ein inkurie.

Til § 5-19

Departementet foreslår å endre § 5-19 *andre ledd
andre punktum* slik at det kjem klart fram at fleir-
talskravet etter denne føresegna gjeld vedtak om
at aksjeeigarane skal ha forkjøpsrett når ein aksje
har skifta eigar. Ved lov 15. desember 2006 nr. 88
blei aksjelova § 4-15 tredje ledd og § 4-19 første
ledd endra slik at aksjeeigarane har forkjøpsrett
etter lova når ein aksje *har* skifta eigar. Før dette
var regelen at aksjeeigarane hadde forkjøpsrett
etter lova når ein aksje *skal* skifte eigar, sjå Ot.prp.
nr. 55 (2005-2006) side 58 flg. om bakgrunnen for
endringa. Regelen i § 5-19 andre ledd andre punk-
tum blei ikkje endra i samsvar med dette. Depar-
tementet foreslår å endre føresegna slik at reglane
blir parallelle på dette punktet.

Til kapitteloverskrifta i kapittel 11

Etter at aksjelova kapittel 11 ved lovendringa 15.
desember 2006 nr. 88 fekk nye reglar om teik-
ningsrettsaksjar og frittstående teikningsrettar (jf.
§§ 11-10 til 11-13) er overskrifta til kapittel 11 no
ikkje dekkjande. Forslaget går ut på å rette opp
dette.

Til § 13-6

Departementet foreslår å justere tilvisingane i
§ 13-6 første ledd nr. 5 for at tilvisingane skal vere i
samsvar med reglane om teikningsrettsaksjar og
frittstående teikningsretter (jf. §§ 11-10 til 11-13)
som kom inn ved lovendringa 15. desember 2006
nr. 88.

Til § 13-18

Departementet foreslår å justere tilvisingane i § 13-18 første ledd for at tilvisingane skal vere i samsvar med reglane om teikningsrettsaksjar og frittstående teikningsretter (jf. §§ 11-10 til 11-13) som kom inn ved lovendringa 15. desember 2006 nr. 88.

Til § 16-16

Departementet foreslår at ordlyden i *første ledd første punktum* skal endrast frå at Føretaksregisteret skal "gi selskapet varsel" til at Føretaksregisteret skal "sende selskapet varsel". I *første ledd andre punktum* foreslår departementet å endre ordlyden frå "gis varsel av Rekneskapsregisteret" til "sendes varsel av Regnskapsregisteret". Foremålet er at det ikkje skal vere eit krav etter føresegna at varselet må vere kome fram til selskapet, men at det er tilstrekkeleg at Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret har sendt selskapet varsel om at det ligg føre eit grunnlag for å løyse opp selskapet etter § 16-15 første ledd. Sjå punkt 6. Føretaksregisteret eller Rekneskapsregisteret har plikt til å sende slikt varsel, men manglande varsel etter første ledd har ikkje noko å seie for tingretten sin kompetanse til å treffe vedtak om å oppløyse selskapet etter § 16-17, sjå merknadane til denne føresegna.

Til § 16-17

Departementet foreslår å endre *første ledd* slik at det avgjerande for tingretten sin kompetanse til å løyse opp selskapet er om varselet er kunngjort etter § 16-16 andre ledd, og at selskapet ikkje har retta forholdet innan fristen som er satt i kunngjeringsringa. Tingretten kan løyse opp selskapet også om ein ikkje kan dokumentere at selskapet er varsla etter § 16-16 første ledd.

8.2 Merknader til endringane i allmennaksjelova*Til § 1-5*

Endringsforslaget er det same som forslaget om å endre aksjelova § 1-5, sjå merknaden til denne føresegna.

Til § 5-19

På bakgrunn av forslaget om endring av aksjelova § 5-19 foreslår departementet ei tilsvarende end-

ring av allmennaksjelova § 5-19. Sjølv om utgangspunktet etter allmennaksjelova § 4-15 er eit anna enn etter aksjelova § 4-15, bør fleirtalskravet etter § 5-19 vere det same etter dei to lovene.

Til § 8-10

§ 8-10 ble endra ved lov 15. desember 2006 nr. 88. Endringa gjekk ut på å snevre inn verkeområdet for regelen om kreditt til erverv av aksjar i første ledd. Ved lovendringa fekk dispensasjonsheimelen i *andre ledd* ei utilsikta avgrensing. Etter ordlyden omfattar dispensasjonsheimelen ikkje lenger at morselskapet finansierer dei tilsette i eit dotterselskap sitt erverv av aksjar i morselskapet. Departementet foreslår å rette dette opp ved at "i selskapets morselskap" blir endra til "i selskap i samme konsern".

Til § 16-16

Departementet foreslår å endre føresegna på same måte som aksjelova § 16-16. Sjå merknaden til denne føresegna.

Til § 16-17

Departementet foreslår å endre føresegna på same måte som aksjelova § 16-17. Sjå merknaden til denne føresegna.

8.3 Merknader til endringane i bustadbyggjelaglova*Til § 10-15*

Departementet foreslår å endre føresegna på same måte som aksjelova § 16-16. Sjå merknaden til denne føresegna.

Til § 10-16

Departementet foreslår å endre føresegna på same måte som aksjelova § 16-17. Sjå merknaden til denne føresegna.

8.4 Merknader til endringane i samvirkelova*Til § 142*

Departementet foreslår å endre føresegna på same måte som aksjelova § 16-16. Sjå merknaden til denne føresegna.

Til § 143

Departementet foreslår å endre føreseгна på same måte som aksjelova § 16-17. Sjå merknaden til denne føreseгна.

juni 2007 nr. 73 om eiendomsmegling. Departementet foreslår nå å rette opp dette ved at føreseгна i staden viser til eigedomsmeklingslova § 2-8 første ledd andre til fjerde punktum og tredje ledd.

8.5 Merknad til endring i inkassolova*Til § 5*

Femte ledd andre punktum viser til § 2-1 femte ledd i lov 16. juni 1989 nr. 53 om eiendomsmegling, som nå er oppheva. Ved ein inkurie blei ikkje tilvisinga endra ved vedtakinga av lov 29.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i aksjelova mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i aksjelova mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i aksjelova mv.

I

Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper blir endra slik:

§ 1-5 første ledd nr. 5 skal lyde:

5. selskap der vedkommende selv eller noen som er nevnt i nr 1 til 4, har slik bestemmende innflytelse som nevnt i § 1-3.

§ 1-5 andre ledd nr. 3 skal lyde:

3. selskap der vedkommende selv eller noen som er nevnt i nr 1 og 2, har slik bestemmende innflytelse som nevnt i § 1-3.

§ 5-19 andre ledd andre punktum skal lyde:

I et selskap hvor aksjene kan skifte eier uhindret av regler om forkjøpsrett etter § 4-15 tredje ledd, gjelder det samme flertallskravet for en beslutning som for utgitte aksjer innebærer at aksjeeierne skal ha rett til å overta en aksje som *har skiftet eller* skal skifte eier (forkjøpsrett).

Overskrifta til kapittel 11 skal lyde:

Kapittel 11. Finansielle instrumenter

§ 13-6 første ledd nr. 5 skal lyde:

5. hvilke rettigheter aksjeeiere med særlige rettigheter og innehavere av tegningsrett som nevnt i §§ 11-1, 11-10 og 11-12 i det eller de overdragende selskapene skal ha i det overtakende selskapet;

§ 13-18 første ledd skal lyde:

(1) Aksjeeier eller andre som har tegningsrett etter §§ 11-1, 11-10 eller 11-12 eller andre særlige rettigheter i et overdragende selskap, kan kreve rettighetene innløst av det overdragende eller det overtakende selskapet dersom rettighetene i det overtakende selskapet ikke minst tilsvarer rettighetene vedkommende hadde i det overdragende selskapet.

§ 16-16 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Når vilkårene i § 16-15 første ledd nr 1 til 4 er oppfylt, skal Foretaksregisteret *sende* selskapet varsel om dette. I tilfelle som nevnt i § 16-15 første ledd nr 5 *sendes* varsel av Regnskapsregisteret.

§ 16-17 første ledd skal lyde:

(1) *Er varsel til selskapet kunngjort etter § 16-16 annet ledd og selskapet har oversett fristen i kunngjøringen,* skal Foretaksregisteret eller Regnskapsregisteret varsle tingretten om dette.

II

Lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper blir endra slik:

§ 1-5 første ledd nr. 5 skal lyde:

5. selskap der vedkommende selv eller noen som er nevnt i nr 1 til 4, har slik bestemmende innflytelse som nevnt i § 1-3.

§ 1-5 andre ledd nr. 3 skal lyde:

3. selskap der vedkommende selv eller noen som er nevnt i nr 1 og 2, har slik bestemmende innflytelse som nevnt i § 1-3.

§ 5-19 andre ledd andre punktum skal lyde:

I et selskap hvor aksjene kan skifte eier uhindret av regler om forkjøpsrett etter § 4-15 annet ledd, jf. §§ 4-19 til 4-23, gjelder det samme flertallskravet for en beslutning som for utgitte aksjer innebærer at aksjeeierne skal ha rett til å overta en aksje som *har skiftet eller* skal skifte eier (forkjøpsrett).

§ 8-10 andre ledd skal lyde:

(2) Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak gjøre unntak fra første ledd for erverv av aksjer av eller for ansatte i selskapet eller i *selskap i samme konsern*.

§ 16-16 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Når vilkårene i § 16-15 første ledd nr 1 til 4 er oppfylt, skal Foretaksregisteret *sende* selskapet varsel om dette. I tilfelle som nevnt i § 16-15 første ledd nr 5 *sendes* varsel av Regnskapsregisteret.

§ 16-17 første ledd skal lyde:

(1) *Er varsel til selskapet kunngjort etter § 16-16 annet ledd og selskapet har oversittet fristen i kunngjøringen, skal Foretaksregisteret eller Regnskapsregisteret varsle tingretten om dette.*

III

Lov 6. juni 2003 nr. 38 om bustadbyggjelag blir endra slik:

§ 10-15 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Når vilkåra i § 10-14 første ledd nr. 1 til 3 er oppfylte, skal Foretaksregisteret *sende* laget varsel om det. I tilfelle som nemnde i § 10-14 første ledd nr. 4 skal *Reknskapsregisteret sende varselet*.

§ 10-16 første ledd skal lyde:

(1) *Er varsel til laget kunngjort etter § 10-15 andre ledd, og laget ikkje har retta tilhøvet innan fristen i kunngjeringa, skal Foretaksregisteret eller Reknskapsregisteret varsle tingretten om dette.*

IV

Lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak blir endra slik:

§ 142 første ledd første og andre punktum skal lyde:

Når vilkåra i § 141 første ledd nr. 1 til 4 er oppfylte, skal Foretaksregisteret *sende* foretaket varsel om dette. I tilfelle som nemnt i § 141 første ledd nr. 5, skal Reknskapsregisteret *sende* varselet.

§ 143 første ledd skal lyde:

(1) *Er varsel til foretaket kunngjort etter § 142 andre ledd, og har foretaket ikkje halde fristen i kunngjeringa, skal Foretaksregisteret eller Reknskapsregisteret varsle tingretten om dette.*

V

Lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndriving av forfalte pengekrav blir endra slik:

§ 5 femte ledd andre punktum skal lyde:

Foretaket skal også opplyse om erverv av betydelig eierandel i foretaket og om økning av slik eierandel etter samme regler som i eiendoms-meglingsloven § 2-8 første ledd annet til fjerde punktum og tredje ledd med forskrifter.

VI

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.
